

## Høyringsinnspele fra fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne – sak 16/8145 mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Sogn og Fjordane 2018 – 2021

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne syns at dokumentet er tydeleg og kortfatta med gode mål og strategiar.

Fylkesrådet kjem med innspel om at mål- og strategidokumentet vert sett i samanheng med den regionale planen for folkehelse 2015 – 2025. I den regionale planen står det m.a. dette om framtidsbiletet for Sogn og Fjordane år 2025:

- *I fylket har vi ei brei samfunnsmessig tilnærming som betyr at det vert teke omsyn til faktorar i alle samfunnssektorar i tråd med «helse i alt vi gjer». Folkehelsearbeid i Sogn og Fjordane er den samla innsatsen frå alle i samfunnet for å vedlikehalde eller betre helsa i befolkninga. Det ligg eit krav om å styrkje verdiar som gjer det mogleg for det enkelte individ eller grupper å ta ansvar, delta, meistre og å få kontroll over eige liv og situasjon.*
- *For oss er god folkehelse at den einskilde opplever meistring i kvardagen, deltaking i samfunnet og opplever å ha gode levekår, god livsstil og god livskvalitet.*
- *Fylket står saman i arbeidet mot ei framtid der:*
  - *Alle som ynskjer å jobbe/delta i samfunnet er inkludert*
  - *Barnehage og skule syter for at alle barn opplever meistring, vert sett og inkludert*
  - *Ingen fell utanfor samfunnet på grunn av mangel på omsorg/hjelp*

I pkt. 3.3 satsingsområdet «Helsefremjande oppvekstmiljø i heim, barnehage og skule» står det m.a.:

- *Det er godt dokumenterte samanhengar mellom utdanningsnivå, materielle levekår og helse. Låg formell utdanning og fråfall frå vidaregåande skule gjev problem knytt til helse og levekår seinare i livet. Utdannings- og arbeidsmarknadstilknytinga vert markant betre dersom ein fullfører vidaregåande opplæring, medan dei som bryt skulegangen har større sjansar for å hamna utanfor, eller er i ein marginal posisjon på arbeidsmarknaden. Sannsynet for å vere registrert som arbeidssøkar hjå NAV og leve av offentleg støtte, er og mykje større i denne gruppa enn i andre utdanningsgrupper.*
- *Satsingsområdet skal m.a. fremje:*
  - *Betre trivsel, meistring og læringsutbytte for elevane*
  - *Hjelpetenester som er tilgjengelege og kjende for barnehagen og skulen*
  - *God integrering av fleirkulturelle*
  - *Gode levevanar og toleranse*
  - *Styrka kompetanse hjå tilsette i skule og barnehage*
  - *Hindre fråfall i vidaregåande skule og arbeidsliv*
  - *Tiltak som fremjar stabile oppveksttilhøve og trygge heimar*

Fylkesrådet meiner at eit inkluderande psykososialt skolemiljø er viktig for elevane si læring og utvikling og at dette bør kome tydlegare fram i dokumentet. I tillegg meiner fylkesrådet at det er viktig at alle elevar vert møtt med respekt og omtanke, og at dei opplever læring, motivasjon og meistring, uavhengig av bakgrunn eller individuelle føresetnader.